



24 møtte fram til Idrettskulen på Heio denne onsdagen. Leiar Merete H. Røstbø står bak til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Idrettskulen til turngruppa har hatt stor deltaking denne sesongen og deltakinga held seg også no når det nærmar seg sesongslutt.

Dette året har Merete H. Røstbø leia dette aktivitetstilbodet for unge og ho opplysar til uskedalen.no at det har vore 20-25 med i Aktivitetshuset heilt sidan i fjor haust.

Men idrettskulen går ikkje berre føre seg inne, den har også vore flytta til skileik i Fjellhaugen to onsdagar. Og dei siste tre onsdagane i sesongen er det på ein vårgrøn idrettsplass på Heio det skjer.

Den første onsdagen kom det 24 dit og Cathrine Haugland sto for leiinga av aktiviteten denne kvelden. Neste friidrottsøkt blir neste onsdag og den aller siste økta før sommarferien er onsdag 24. april. Då blir det ein skikkeleg grillfest, lovar Merete.

Idrettsskulen er i prinsippet for dei som går i dei fire lågaste klassane, men dei held ikkje strengt på dette. Tilbodet følgjer skuleåret frå haust til vår.

- Kva er grunnen til interessa er større enn før?

- Ein grunn er nok at vi har vore flinkare til å marknadsføra oss på ein meir pågåande måte enn før. Mange har nok ikkje visst kva vi driver med, svarar Merete.

Av Ola Matti Mathisen